

# Høyringsuttale til lov om omsetning av bøker (boklov)

Til Kulturdepartementet

Dato: 15. mars 2013

## ***Generelt***

Formålsparagrafen slår fast at omsynet til forfatteren og lesaren er det grunnleggjande fundamentet for boklova, men vårt inntrykk er at dette perspektivet fortaper seg noko ut gjennom dokumentet og at vektla blir lagt på den aktuelle situasjonen til forlaga og bokhandlane. Slik blir høyringsforslaget ei stadfesting av det etablerte forholdet mellom aktørane i bokbransjen utan å ta tilstrekkeleg høgde for den aukande digitale bokproduksjonen.

Det er berre forfatteren og lesaren som er konstante storleikar i bokverda. Og begge desse aktørane viser aukande interesse for ebøker. Særleg gjeld dette unge lesarar. Ei forventning om større satsing på norske ebøker bør derfor framhevast som eit viktig kulturpolitisk mål i forskriftene til boklova.

Det verkar i det heile som om departementet i dette forslaget med overlegg ser bort frå den digitale framtida, truleg for ikkje å reisa altfor vanskelege spørsmål. Såleis blir også momsspørsmålet i samband med ebøker utelate, endå det kulturpolitiske aspektet ved boklova blir sterkt understreka. Ei boklov som ikkje tar opp i seg denne sida av saka, er forelda i utgangspunktet.

Dokumentet viser ofte til konkurranselova, og dette kan jamt fortona seg som obligatoriske apologetiske knebøyingar på vegner av norsk litteraturproduksjon. Det som ikkje blir omtalt, er misforholdet mellom prisen på norske bøker og dei pengane som går til forfatteren. Mellomledda mellom forfatteren og lesaren lever godt av dette misforholdet.

I ei framtid der bokstrømming etter alt å dømma blir vanleg, er både digital litteratur som form og fordelingsnøkkelen i forhold til bokkrona to storleikar det *må* tenkjast noko om. Denne tenkinga bør ta til no.

## ***Kommentarar til eit utval av høyringsspørsmåla***

### **Høyringsspørsmål 1**

Me gir vår fulle støtte til formålsparagrafen og vil særleg understreka det viktige i at forfatteren og lesaren blir framheva.

### **Høyringsspørsmål 2**

Boklova bør omfatta både papirbøker, lydbøker og digitale bøker. Berre slik kan den ivareta dei langsiktige interessene til forfatteren og lesaren.

### **Høyringspørsmål 3**

Lengda på fastpris for fagbøker bør vera den same som for skjønnlitteratur. Det at me i Norge har to målførmer og samisk, krev eit system som stimulerer produksjonen av eit mangfald av fagbøker. Det er viktig at det kjem ut fagbøker i Norge som kan konkurrera med bøker på engelsk og andre verdsspråk.

### **Høyringspørsmål 4**

Det er bra denne formuleringa er med. Den bidrar til å tryggja den enkelte forfattarens posisjon i forhold til forlaga.

### **Høyringspørsmål 5**

Alternativ 1, obligatorisk fastpris, er det beste alternativet for å sikra at boklova blir eit effektivt kulturpolitisk verkemiddel. Her må forlaga sitt kulturpolitiske ansvar understrekast sterkt.

### **Høyringspørsmål 7**

Fastprisen bør gjelda meir enn 12 månader.

### **Høyringspørsmål 9**

Det at leverings- og skaffeplikta omfattar alle aktørane i bransjen, gjer det lettare for små aktørar å vinna fram.

### **Høyringspørsmål 10**

Å opna for litteraturabonnement etter modell av dagens bokavtale er truleg eit bra verkemiddel. Det er derimot vanskeleg å ta stilling til kva alternativ som best ivaretar breidda i litteraturen for eit mangfald av forfattarar. Målet må vera å stimulera utviklinga av eit godt bokhandlarnettverk over heile landet (på nett og i butikk).

### **Høyringspørsmål 11**

Forslaget verkar nødvendig for å ivareta mangfaldet av både forlag og bokhandlar.

### **Høyringspørsmål 12**

Alternativ 2 verkar å vera mest tenleg for å ivareta breidda i litteraturen.

### **Høyringspørsmål 14**

I ei rådgivande nemnd for tvisteløysing må forfattarane vera representert.

### **Høyringspørsmål 15**

Det viktige her er at ein understrekar dei store forlaga og forlagssamanslutningane sine kulturpolitiske forpliktingar med omsyn til breidde og mangfald i den nye norske litteraturen.

Med vennleg helsing

Norsk Forfattersentrum,  
Per Olav Kaldestad,  
styreleiar

